

# Vedtekter for Velledalen Naturbarnehage SA

## Innholdsfortegning

Vedtekter for Velledalen Naturbarnehage SA.....	2
1 Namn.....	2
2 Formål.....	2
3 Medlemmar.....	2
4 Rettsleg disposisjonsevne.....	2
5 Årsmøte.....	2
6 Årsmøte sine oppgåver.....	3
7 Avstemningsreglar for årsmøtet.....	3
8 Ekstraordinært årsmøte.....	4
9 Styret.....	4
10 Dagleg leiar (styrar).....	5
11 Samarbeidsutvalet si samansetjing, mynde m.v.....	5
12 Foreldreråd.....	6
13 Bruk av årsoverskotet.....	6
14 Oppløysing og avvikling.....	7
15 Tilhøvet til lov om samvirkeforetak (samvirkelova).....	7

## ***Vedtekter for Velledalen Naturbarnehage SA***

### ***1 Namn***

Samanslutninga sitt namn er "Velledalen Naturbarnehage SA". Barnehagen ligg i Velledalen i Sykkylven kommune, og er organisert som eit samvirkeforetak.

### ***2 Formål***

Samvirkeforetaket sitt formål er å eige og drive barnehage i Velledalen, til det beste for medlemmane og aktivitet og utvikling i grenda.

Barnehagen skal arbeide for å sikre borna gode utviklings- og aktivitetsvilkår i nært samarbeid med borna sin heim.

Verksemda skal fremje medlemmane sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av barnehagetjenester fra verksemda. Formålet er ikkje kapitalavkastning til andelseigarane, fordi avkastninga vert stående i verksemda.

Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter for barnehageverksemd.

### ***3 Medlemmar***

Barnehagen er open for foreldre/føresette til born med plass i barnehagen. Når foreldre/føresette har akseptert tilbod om plass pliktar dei å bli medlem av føretaket. Medlemskapet kan etter avtale med dageleg leiar overdragast mellom føresette som har felles barn.

Medlemmane skal ikkje betale medlemskontingent.

Stiftarane av Velledalen Naturbarnehage SA vert medlemmar ved innbetaling av stiftingsinnskotet, men har likevel inga plikt til å yte medlemskontingent.

Dersom medlemmen misligheld sine forpliktingar ovanfor barnehagen, kan styret gi medlemmen ei irettesetting eller, i alvorlige tilfeller, ekskludere medlemmen. Ved eksklusjon kan styret kreve innløsning av andel. Andelseigar har krav på skriftlig melding om eksklusjonsvedtaket som inneheld opplysningar om eksklusjonen og om fristen for andelseigar for å krevje vedtaket lagt fram på årsmøtet. Frist for den ekskluderte til å krevje vedtaket lagt frem for årsmøtet er ein månad etter at andelseigar mottok melding om eksklusjonsvedtaket.

Føretaket kan nytte elektronisk kommunikasjon når det skal gje meldingar, varsel, informasjon, dokument og liknande etter lov om samvirkeforetak.

Når eit medlem skal gje meldingar eller liknande etter lov om samvirkeforetak, kan medlemmen gjere dette ved hjelp av elektronisk kommunikasjon til den e-post adressa eller på den måten som dagleg leiar eller styret har fastsett til dette føremålet.

### ***4 Rettsleg disposisjonsevne. Ansvar for gjeld.***

Barnehagen er eit eige rettssubjekt med avgrensa ansvar for gjeld. Det einskilde medlem har ikkje ansvar for barnehagen sine økonomiske forpliktingar.

## **5 Årsmøte**

Årsmøtet er barnehagen sitt øvste organ. Årsmøtet skal heldast innan utgangen av april månad. Årsmøtet skal innkallast skriftleg av styret med minst **ein** månads varsel. Slikt varsel skal innehalde foreløpig dagsorden. Forslag til saker frå medlemmane må vere sendt styret seinast **to** veker før årsmøtet. Endeleg dagsorden skal oversendast medlemmane minst **ei** veke før årsmøtet. Saman med endeleg dagsorden, skal sakspapir med forslag til vedtak frå styret sendast ut.

Årsmøtet kan ikkje behandle forslag som ikkje er oppført på dagsorden.

Alle medlemmar har møterett til årsmøtet. Medlemmane kan vere representert ved fullmakt.

På årsmøtet skal det førast protokoll. Møteleiaren skal ha ansvar for at det vert skrive protokoll frå årsmøtet.

## **6 Årsmøtet sine oppgåver**

Styret kallar inn til årsmøte og fastset saklista som mellom anna skal innehalde:

- 1 Val av møteiar, referent og to personar til å underskrive protokollen.
- 2 Styret si årsmelding
- 3 Godkjenning av årsrekneskap og disponering av årsoverskotet.
- 4 Orientering om budsjett.
- 5 Val av styremedlemmar. Styreleiar og nestleiar vert valt særskilt.
- 6 Val av revisor.
- 7 Eventuelle forslag til vedtektsendringar.
- 8 Eventuelt forslag om oppløysing.
- 9 Andre saker som er korrekt meldt inn for behandling.

## **7 Avstemningsreglar for årsmøtet**

Kvart medlem har ei stemme. Medlemmar som skuldar meir enn tre månaders foreldrebetaling har ikkje stemmerett.

Eit vedtak av årsmøtet krev at fleirtalet av dei som deltek i behandlinga av ei sak, har stemt for. Ved likt stemmetal gjeld det som møteleiaren har stemt for. Blanke stemmer skal ikkje reknast med i oppteljinga.

Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

Vedtektsendringar som inneber;

1. vesentlege endringar av andelslaget sitt føremål
  2. meir tyngande heftingsreglar for medlemmane
  3. skjerpning i plikta til å gjere innskott i andelslaget
  4. innføring av omsetningsplikt med føretaket eller vesentleg skjerpning av slik plikt, eller
  5. avgrensingar i retten til å tre ut
- krev tilslutning frå minst 4/5 av dei stemmene som er avgitte.

Det stillast ingen krav til kor mange av dei med røystrett som må vere tilstade for at årsmøtet skal vere vedtaksført. Fullmaktsstemmer kan gis. Ingen kan vere fullmektig for meir enn eit medlem. Fullmektigen skal legge fram skiftleg og datert fullmakt.

## **8 Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når enten styreleiar eller minst halvparten av styret krev det. Det same gjeld dersom minst ein tredjedel av medlemmane krev det. Det skal kallast inn på same måte som ordinært årsmøte men med minst **fjorten** dagars varsel. Sakspapira skal innehalde sakliste og gjengi forslag til vedtak. Det skal også informerast om kven som har kravd at møtet skal haldast.

## **9 Styret si samansetjing, mynde**

Barnehagen vert leia av styret, som er høgste myndigheit mellom årsmøta. Styret er arbeidsgjevar og har dermed arbeidsgjevaransvaret for barnehagen. Styret har ansvaret for drifta av barnehagen i forhold til gjeldande lover og føreskrifter.

Barnehagen sin daglege leiar er arbeidsgjevar sin representant i barnehagen.

### ***Styret si samansetjing:***

Styret skal bestå av minst **fem** personar som vert valt på årsmøtet. To som representerer laga som har stifta barnehagen med 1. og 2. vara, to representantar frå foreldra med 1. og 2. vara og ein representant frå SUm med 1. og 2. vara. Styremedlemmar vert valde for ein periode på **to** år om gongen. Ein skal prøve å sikre kontinuitet ved at ikkje for mange styremedlemmar vert skifta i løpet av kort tid. Dagleg leiar er fast sekretær for styret.

Styreleiar vert valt av årsmøtet. Styremøte vert kalla inn av styreleiar, eller dersom minst halvparten av styret krev det. Har eit styremedlem forfall, og det finnast varamedlem, skal varamedlemmen innkallast.

### ***Styret si arbeidsform:***

Styreleiar skal ha ansvar for behandling av aktuelle saker som høyrer inn under styret. Styremedlemmane og dagleg leiar kan krevje at styret behandlar bestemte saker. Styremøte og anna styrebehandling skal varslast på hensiktsmessig måte og med nødvendig frist.

Styret skal behandle saker i møte, vis ikkje styreleiar finn at saka kan føreleggast skriftleg eller behandlast på anna tryggande måte. Styreleiar skal ha ansvar for at styremedlemmane så vidt mogleg kan delta i ei samla behandling av saker som vert behandla utan møte.

Styremedlemmane og dagleg leiar kan krevje møtebehandling.

Styrebehandlinga vert leia av styreleiaren. Deltak korkje styreleiar eller nestleiar, vel styret ein leiar for styrebehandlinga. Dagleg leiar har rett til å uttale seg, om ikkje noko anna er bestemt av styret i den einskilde sak.

Eit vedtak av styret krev at fleirtalet av dei styremedlemmane som deltek i behandlinga av ei sak, har stemt for. Ved likt stemmetal gjeld det som styreleiar har stemt for. Er ikkje styreleiar tilstades, gjeld hans fullmakt eller det som møteleiar har stemt for.

Det skal førast protokoll over styrebehandlinga. Protokollen skal minst angi tid og stad, deltakarane, behandlingsmåten og styret sitt vedtak. Styremedlem som ikkje er einig i styret sitt vedtak, kan krevje sitt syn innført i protokollen. Protokollen skal underskrivast av alle dei

medlemmar som har delteke i styrebehandlinga. Protokollen er tilgjengelig berre for styret sine medlemmar, dagleg leiar og dei personar styret gir tilgang.

### ***Styret sine arbeidsoppgåver:***

- Styret skal ha ansvar for at barnehagen sitt formål blir realisert.
- Styret har ansvar for barnehagen sin økonomi og bemanning.
- Styret har ansvaret for å fastsette budsjettet og orientere om budsjettet på årsmøtet.
- Styret har ansvar for ein tryggande rekneskapsføring, og at rekneskapen, saman med styret si melding, skal leggast fram på årsmøtet.
- Styret skal fastsette størrelsen på opphaldsbetalinga, gebyr for manglande henting av born, og gebyr for manglande dugnad.
- Styret anset dagleg leiar.
- Barnehagen vert forplikta utad av styret ved underskrift av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap.
- Styret vedtek eventuell eksklusjon av medlemmar.
- Styret skal leie og føre tilsyn med at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover, føreskriftar og vedtekter.
- Styret skal utarbeide ein styreinstruks.

### ***10 Dagleg leiar (Styrrar)***

Dagleg leiar i barnehagen vert tilsatt av styret. Dagleg leiar er barnehagen sin daglege administrative og pedagogiske leiar. Dagleg leiar har ansvar for at barnehagen har eit internkontrollsystem etter gjeldande lover og føreskrifter.

Dagleg leiar står for den daglege leiing av barnehagen si verksemd og skal fylgje dei retningslinjer og pålegg styret har gitt. Den daglege leiing omfattar ikkje saker som etter barnehagen sine forhold er av uvanleg art eller stor betydning.

Dagleg leiar skal syte for at barnehagen sitt rekneskap er i samsvar med lover og forskrifter, og at formuesforvaltninga er ordna på ein tryggande måte.

Styret kan til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærmare utgreiing om bestemte saker. Slik utgreiing kan også krevjast av den einskilde styremedlem. Dagleg leiar skal gi slik utgreiing som eit styremedlem ber om til samtlege av styret sine medlemmar.

### ***11 Samarbeidsutvalet si samansetning, mynde, m.v.***

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med på å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

1. Samarbeidsutvalet skal handsame saker og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, for verksomheita og forholdet til foreldra.
2. Saker som gjeld tilsetjingar, opptak av born og liknande skal ikkje handsamast av samarbeidsutvalet.

3. Samarbeidsutvalet skal ha to representantar frå dei tilsette og to representantar frå foreldra. I tillegg kan eigar og kommunen ha ein representant kvar. Utvalet skal ha to vararepresentantar.
4. Barnehagen avgjer sjølv om dei som eig skal delta med representantar i utvalet og eventuelt kven. Eigar kan ikkje stille med fleire representantar enn foreldra/ dei tilsette har.
5. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv, og vel sjølv sin leiar. Som samarbeidsutvalets vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har stemt for. Ved likt stemmetal gjeld det som leiaren har stemt for. Er leiaren ikkje tilstade, gjeld det som møteleiaren har stemt for.
6. Samarbeidsutvalet held møter etter ein plan fastsett av samarbeidsutvalet, og dessutan når samarbeidsutvalet sin leiar finn det nødvendig.

Det blir ført eigen protokoll for samarbeidsutvalet, som skal innehalde dei vedtak som samarbeidsutvalet har fatta vedrørende barnehagen. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, også stemmefordeling og ueinigheit som vert kravt protokollført. Samarbeidsutvalet sine medlemmar signerar protokollen. Protokollen er tilgjengeleg berre for samarbeidsutvalet sine medlemmar, styret, dagleg leiar, og dei personar samarbeidsutvalet gir tilgang.

## ***12 Foreldreråd***

Foreldrerådet skal fremme fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

1. Foreldrerådet består av foreldra/ føresette til alle barna i barnehagen.
2. Foreldrerådet vel **to** foreldrerepresentantar til Samarbeidsutvalet.
3. Foreldrerådet skal bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker av viktigheit for foreldra sitt forhold til barnehagen.
4. Barnehagen sin styrar har ansvar for å innkalle til det første foreldrerådet i barnehageåret.
5. Foreldreråd skal haldast minst ein gong i året – gjerne i samband med årsmøtet.
6. Ved avstemming i foreldrerådet gis det ei stemme for kvart born, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Det skal førast eigen protokoll for foreldrerådet, som skal innehalde dei uttalar /vedtak som foreldrerådet har fatta. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, liksom stemmefordeling og ueinigheit som vert kravd protokollført. Foreldrerådet sin referent signerar protokollen. Protokollen er tilgjengeleg berre for foreldrerådet sine medlemmar, styret, dagleg leiar, og dei personar foreldrerådet gir tilgang.

## ***13 Bruk av årsoverskotet***

Årsoverskotet skal godskrives eigenkapitalen i barnehagen.

#### ***14 Oppløysing og avvikling***

Oppløysing av barnehagen kan berre behandlast på årsmøte. Slikt vedtak krev 4/5 fleirtal. Når vedtak om oppløysing er fatta, skal årsmøtet velge eit avviklingsstyre som erstattar styret og dagleg leiar. Valet gjeld på ubestemt tid med ein oppseiingsfrist for medlemmane på **tre** månadar.

Ved oppløysing skal barnehagen si formue etter gjeldsavlegging tilfalle dei laga i Velledalen som var med å skipa barnehagen, og som framleis er i drift og arbeider for utvikling av grenda.

Etter avslutta utdeling skal avviklingsstyret legge frem revidert oppgjer for årsmøtet. Når oppgjeret er godkjent, skal det meldast til "Foretaksregistret" at føretaket er endelig oppløyst.

#### ***15 Tilhøvet til lov om samvirkeforetak (samvirkelova)***

Dersom ikkje anna fylgjer av vedtektene, gjeld lova om samvirkeforetak ( samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 89 i punkt 16.